



Kartleggingsrapport for oppvekst i Askøy kommune

Rapport etter synfaring januar 2019
Utarbeida av Janny Sjøholm og Lars Smaaberg

Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27

Dato:
31.01.2019

Innholdsliste

1. Kort om prosjektet	4
1.1 Framdrift.....	4
2. Elektronisk lagra materiale.....	5
3. Tidlegare deponert materiale.....	6
4. Nøkkelfunn	6
4.1 Mengd	6
4.2 Type materiale.....	6
4.3 Avvik	6
5. Institusjonane	1
5.1 Askøy kulturskole	1
5.2 Fagavdeling barnehage	2
5.3 Fagavdeling skole	3
5.4 Kleppe skole.....	4
5.5 Voksenopplæringsenteret Askøy	5
5.6 Kleppestø barneskole	6
5.7 Kleppestø ungdomskole	7
5.8 Erdal barneskole	8
5.9 Erdal ungdomsskole	9
5.10 Hop skole.....	10
5.11 Strusshamn skole.....	11
5.12 Follese skole	12
5.13 Hetlevik skole	13
5.14 Haugland skole	14
5.15 Ravnanger ungdomsskole	15
5.16 Davanger skole	16
5.17 Fauskanger barne- og ungdomsskole.....	17
5.18 Træet skule	18
5.19 Florvåg skole	19
5.20 Hanøy skole	20
5.21 Tveit skule.....	21

1. Kort om prosjektet

Askøy kommune og Interkommunalt arkiv i Hordaland har inngått ei avtale som inneber innhenting, ordning og registrering av papirarkiv i kommunen. I dette høvet går det eit eige delprosjekt for institusjonane for oppvekst i Askøy kommune. Av desse er barnehage, skule, kulturskule og vaksenopplæring.

Den overordna målsetjinga med delprosjektet er å imøtekomme krava i pålegg 8 «*ordning og katalogisering av bortsette, eldre og avslutta arkiv*» i tilsynsrapport av 16.05.2017 frå Arkivverket.

Askøy kommune må ordne, pakke, etikettere og listeføre sine eldre og bortsatte arkiver i samsvar med gjeldene regler, jf. Arkivforskriften §§ 3-14 og 5-4. I sammenheng med ordning og katalogisering skal det utarbeides et bestandregister over eldre og avsluttede arkiver, det vil si en overordnet oversikt over arkiver og arkivserier. Det må etableres rutiner for overføring av bortsetningsarkiver fra ytre enheter. Et bestandsregister skal være ferdig innen 1.3.2018. Innen samme frist skal kommunen ha en konkret fremdriftsplan for arbeidet med å ordne og katalogisere sine arkiver, og ordningsarbeidet skal være igangsatt. Planen må også innebefatte finansiering av prosjektet.

Alle disse oppgåvene har IKA Hordaland i samsvar med avtala ovanfor teke på seg, og arbeidet er i gang. Denne rapporten tek føre seg fyrste fase av delprosjektet for oppvekst; synfaring på institusjonane og kartlegging av arkivmaterialet deira.

1.1 Framdrift

Planlegging av synfaring byrja ved utgangen av 2018. IKA Hordaland tok kontakt med institusjonane i november for å få tak i ein kontaktperson ved kvar institusjon. Vidare avtalte me dato for synfaring med dei etablerte kontaktpersonane i desember. Synfaringane fann stad ved 21 institusjonar i Askøy kommune i januar 2019. Resultatet frå desse synfaringane er å finne i denne rapporten.

Papirarkiva skal i samsvar med framdriftsplanen vere deponert til IKA Hordaland innan 30. juni 2019. Når arkiva vert hausta skal materialet vurderast i samsvar med Askøy kommunes bevarings- og kassasjonsplan av 19.11.2018 og forskrift om offentlege arkiv, arkivforskrifta,

§3-20. Vidare skal dei ordnast, oppbevarast og gjerast tilgjengeleg av IKA Hordaland i samsvar med arkivforskrifta §3-20.

2. Elektronisk lagra materiale

I samband med synfaringane har me i tillegg til å kartlegge papirarkiv også kartlagt kva elektroniske system som har vore eller er i bruk i dag. For desse systema er det utarbeida ein felles bevaringsplan samt ein avleveringsplan mellom 2017-2022 (ikkje Itslearning, Speedadmin og Access).

Status er som følgjer:

Systemnamn	Periode		Aktivt	På veg ut	Avslutta
Ephorte	2013		X		
WIS			X		
Visma			X		
Speedadmin	2012		X		
Itslearning				X	
Kontor 2000	2000	2013			X
Access		2007			X
Kompetanse Norge			X		

Ephorte (frå 2013): Alle skulane nyttar Ephorte. Det varierer i kva grad systemet er i bruk og når det vart teken i bruk. Nokre skular rapporterer at møtereferat leggst inn av og til, medan andre rapporterer at det aldri leggst inn.

WIS: Alle skulane nyttar WIS til klasselister og vitnemål. Nokon tek papirutskrift.

Visma: Gjeld for vaksenopplæring. Ligg meir informasjon i Visma enn i elevmappene.

Speedadmin: Gjeld for Kulturskule.

Itslearning: Avtale med Askøy kommune går snart ut. Finnes fråværsdokumentasjon hjå mange som ikkje er henta til elevmapper.

Kontor 2000: Vart erstatta av Ephorte i 2013.

Access: Gjeld kulturskulen. Usikkert om bevaringsverdig informasjon er henta ut.

Kompetanse Norge: Gjeld for vaksenopplæring. Prøvar lagrast der.

Felles/adm. mappesystem: Noko dokumentasjon vert lagra på server ved dei ulike institusjonane, mellom anna arkivverdig materiale som møteverksemd, historisk materiale, bilete med meir.

3. Tidlegare deponert materiale

Tidlegare deponert materiale med relevans for dette prosjektet: 28 HM frå Kleppestø ungdomsskole, Askøy skolekontor, Florvåg ungdomsskole, Erdal skole, Strusshamn skole, Hanevik skole, Kleppestø barneskole, Ravnanger ungdomsskole, Tveit skole, Barne og framhaldsskolen, Hop skole, Haugland skole, Fauskanger barne- og ungdomsskole og Furuly skole. I tillegg til desse skulane er det allereie deponert materiale frå barnehagane; Bakarvåg, Furuly, Florvåg, Hanøy - Forum barnehage, Ask, Ramsøy, Træet/Skanssen, Kleppestø, Tveit, Erdal.

4. Nøkkelfunn

4.1 Mengd

Gjennom synfaringane har IKA Hordaland kartlagt 248 hyllemeter med papirarkiv. Desse er fordelt ujamt mellom skulane. Inkludert tidlegare deponert materiale er total hyllemeter 276. I fylgje Askøy kommune si eiga kartlegging vart det avdekt 228 hm, 256 inkl. tidlegare deponert materiale.

4.2 Type materiale

Typisk materiale me har funne ved dei fleste skulane er frå seriane A, G, H, Q, U. I tillegg har mange skular også materiale frå seriane B, C, D, P, R, X, Z. Noko sjeldnare er materiale frå seriane E, F, M, T, V, W Skildring av seriekodane ligg under kvar skule.

4.3 Avvik

Askøy kommune har gode og tydelege retningsliner for korleis skulane skal handsame arkivmaterialet dei produserer. Dette står skildra i kommunen sin arkivplan. I samband med kartlegginga har IKA Hordaland avdekka at dei ytre einingane i kommunen har nokre avvik frå desse retningslinene. Det vart sendt eit eige skriv til kommunen v/arkivleiar angående dette.

Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27

Dato:
31.01.2019

Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27

Dato:
31.01.2019

5. Institusjonane

5.1 Askøy kulturskole

Dato for synfaring:	07.01.2019
Kontaktperson:	Egil Magnussen
Lokasjon:	Rom i 2. etg. på Kleppestø senter. Mogleg materiale på Kleppestø ungdomsskole.
Mengd og type papirarkiv:	B- Kopibok R- Rekneskap H- Elev G- Fråvær P- Personale U- Bilete Mengd: 3 HM på Kleppestø senter + om lag 3-4 kartongar bilete på Kleppestø ungdomsskole.
Elektroniske arkivsystem:	Ephorte, Kontor2000, Speedadmin (elevar frå 2012), Microsoft Access. Bilete i mappestruktur på lokal server.
Tilstand:	Greitt på Kleppestø senter. Har ikkje funne askar med bilete.
Historisk informasjon:	Askøy kulturskole vart skipa som kommunal kulturskule i 1984. Før det var det ein privat kulturskule. Dei haldt til i eit hus i nærleiken til Kleppestø ungdomsskole. Meir historikk finnes i jubileumsboka Askøy song og musikkskipnad.




Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27

Dato:
31.01.2019

5.2 Fagavdeling barnehage

Dato for synfaring:	07.01.2019
Kontaktperson:	Ina Therese Vetås
Lokasjon:	Eit rom i 1. etg og 4. etg. Nokre boksar på kontoret til kontaktperson.
Mengd og type papirarkiv:	E- Sideordna sakssystem, erstatningskrav F- Barnemappar P- Personale Mengd: Om lag 8 HM
Elektroniske arkivsystem:	Ephorte tok over for K-2000 i 2013.
Tilstand:	Arkiva står på same rom som fagavdeling skole. I 4. etg. er noko av materialet blanda saman. Nokon lause ark/sakar. Rommet i 1. etg. er greitt.
Merknad:	Alle barnehagane skal ha levert sitt arkivmateriale til fagavdeling barnehage. Ettersom ein del av dette materialet verker blanda i hop, vert ikkje kvar enkelt barnehage nemnd i denne rapporten.



Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27

Dato:
31.01.2019

5.3 Fagavdeling skole

Dato for synfaring:	07.01.2019
Kontaktperson:	May Britt Dumben
Lokasjon:	Eit rom i 1. etg og 4. etg.
Mengd og type papirarkiv:	A- Møteverksemd G- Klasselister H- Elev R- Rekneskap P- Personale Mengd: Om lag 10-11 HM
Elektroniske arkivsystem:	Ephorte tok over for K-2000 i 2013.
Tilstand:	Arkiva står på same rom som fagavdeling skole. I 4. etg. er noko av materialet blanda saman. Nokon lause ark/sakar. Rommet i 1. etg. er greitt.
Historisk informasjon:	



Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27

Dato:
31.01.2019

5.4 Kleppe skole

Dato for synfaring:	07.01.2019
Kontaktperson:	Cathrine Jensvoll
Lokasjon:	«Kopirom», «rektors kontor»
Mengd og type papirarkiv:	A- Møteverksemd G- Fråvær H- Elevmapper U- Bilete X- Skuleavis Mengd: 3,1 HM
Elektroniske arkivsystem:	Windows utforskar, held på å gå over til Google disc (2018). Ephorte er i bruk, tidlegare også Itslearning. Mogeleg arkivverdig materiale på den gamle nettstaden til Kleppe skole.
Tilstand:	Grei.
Historisk informasjon:	Kleppe skole har adresse Kleppevegen 127, 5300 Kleppestø. Dagens skule vart skipa i 1959, men det har vore skule på Kleppe sidan om lag 1875. Skulen på kleppe har vore bygd om og utvida fleire gonger. Han inkluderer elevar frå Kleppe grend, Krokås, Djuvik, Nipedal m.fl., og har 1. til 7. trinn. Elevane som går ut frå Kleppe skole held fram på Kleppestø Ungdomsskole. Meir informasjon finnes i ei hovudoppgåve om skulen.



Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27

Dato:
31.01.2019

5.5 Voksenopplæringsenteret Askøy

Dato for synfaring:	08.01.2019
Kontaktperson:	Steinar Østevold og Karen Margrethe Hugaas Myrdal
Lokasjon:	Ved administrasjonen.
Mengd og type papirarkiv:	H – Elevmapper. Mengd: 4,4 HM.
Elektroniske arkivsystem:	Hovudsystemet er ephorte og windows utforskar. Grunnskulen nyttar WIS og chrome books. Introduksjonskurs for flyktningar nyttar VISMA og Norsk kompetansesenter.
Tilstand:	Grei struktur, men dårleg vedlikehaldne mapper. Mogleg ufullstendige mapper, utfyllande informasjon ligg i VISMA.
Historisk informasjon:	Voksenopplæringsssenteret Askøy vart skipa på slutten av 1990-talet. Dei har hatt tilhaldsstad på Kleppestø, Ravnanger og Florvåg. I dag held dei til på Kleppestø.



Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27

Dato:
31.01.2019

5.6 Kleppestø barneskole

Dato for synfaring:	08.01.2019
Kontaktperson:	Irene Sætre
Lokasjon:	Ved administrasjonen, «rektors kontor».
Mengd og type papirarkiv:	A- Møteverksemd B- Kopibok C- Postjournal D- Saksarkiv G- Fråværsdagbøker, klasselister H- Elevmapper P- Personale Q- Eigedom R- Rekneskap Mengd: 5,3 HM.
Elektroniske arkivsystem:	Ephorte, WIS, Itslearning og windows utforskar. Byrja å gå over til google disc i 2018.
Tilstand:	Grei tilstand.
Historisk informasjon:	Kleppestø barneskole har adresse Ranavegen 6, 5300 Kleppestø. Dagens skule vart skipa i 1971 for å ta i mot elevar som tidlegare gjekk på Kleppe skole. Kleppestø barneskole vart utvida i 1996/97. Born frå bygda Kleppestø soknar til skulen som har 1. til 7. trinn. Elevane som går ut frå Kleppestø barneskole held fram på Kleppestø Ungdomsskole.



Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27

Dato:
31.01.2019

5.7 Kleppestø ungdomskole

Dato for synfaring:	08.01.2019
Kontaktperson:	Tone-Merethe Gjerstad
Lokasjon:	Rom i 3. etg.
Mengd og type papirarkiv:	A- Møtebøker G- Klasselister H- Elevmapper M- Skuleprosjekt P- Lærarkartotek U- Bilete Z- Årbøker Mengd: 18 HM
Elektroniske arkivsystem:	Ephorte, WIS, Itslearning, byrja å gå over til Google disc i 2018. Har nytta K-2000.
Tilstand:	God. Nokon elevmapper er rydda for stiftar og binders.
Historisk informasjon:	Kleppestø ungdomsskole har adresse Søre Myrane 2, 5300 Kleppestø. Skulen vart skipa i 1971, og vart Askøy sin fyrste ungdomsskule. Kleppestø ungdomsskole tek i mot elevar frå Hetlevik, Follese, Strusshamn, Kleppe og Kleppestø skular. Skulen har 8. til 10. trinn.



Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27

Dato:
31.01.2019

5.8 Erdal barneskole

Dato for synfaring:	09.01.2019
Kontaktperson:	Veronica Bakken Nilsen
Lokasjon:	Rom 124 i administrasjonen, umarkert rom i underetasjen.
Mengd og type papirarkiv:	A- Møtebøker B- Kopibøker C- Postjournal D- Saksarkiv G- Klasselister H- Elevmapper Q- Eigedom R- Rekneskap U- Bilete Z- Avisutklipp Mengd: 15.5 HM
Elektroniske arkivsystem:	Ephorte (mogleg byrja seinare enn 2013), WIS, Itslearning, Google disc og Google books. Har nytta K-2000.
Tilstand:	Tilstand på rom 124 er grei. Kjellarrommet er støvete og fuktig. Kan ha hatt innverknad på materialet.
Historisk informasjon:	Erdal barneskole har adresse Erdalsvegen 1, 5306 Erdal. Skulen vart skipa i 1875, men dagens skule er frå 1951. Dei har 1. til 7. trinn.



Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27

Dato:
31.01.2019

5.9 Erdal ungdomsskole

Dato for synfaring:	09.01.2019
Kontaktperson:	Randi Lisbeth Andersen
Lokasjon:	Rom 216 i administrasjonen i 2. etg.
Mengd og type papirarkiv:	A- Møtebøker B- Kopibøker C- Postjournal D- Saksarkiv F- Vitnemål G- Klasselister og Fråvær H- Elevmapper Q- Eigedom U- Bilete Z- Avisutklipp Mengd: 19,4
Elektroniske arkivsystem:	Ephorte, WIS, Itslearning, windows utforskar, Google disc. Har nytta K-2000.
Tilstand:	Grei.
Historisk informasjon:	Erdal ungdomsskole har adresse Steinråsa 3, 5306 Erdal. Skulen vart skipa i 2003 som ei erstatning til tidlegare Florvåg ungdomsskole. Skulen har 8. til 10. trinn. Elevar som går ut frå Hop, Florvåg og Erdal skular kjem hit.



Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27

Dato:
31.01.2019

5.10 Hop skole

Dato for synfaring:	09.01.2019
Kontaktperson:	Eli Vonheim
Lokasjon:	Rom 261 2. etg.
Mengd og type papirarkiv:	A- Møtebøker B- Kopibøker C- Postjournal D- Saksarkiv G- Klasselister og Fråvær H- Elevmapper M- Prosjekt P- Personale Q- Eigedom U- Bilete X- Eige produsert trykkmateriale Mengd: 3 HM
Elektroniske arkivsystem:	Hop skole nyttar ephorte, WIS, Itslearning, Windows utforskar, Google disc. Har nytta K-2000.
Tilstand:	Greitt, men uorganisert.
Historisk informasjon:	Hop skole har adresse Askvegen 331, 5307 Ask. Skulen vart skipa i 1871 og vart med det Askøy sitt fyrste skulehus. Han vart bygd i nærleiken av Hop hovudgard, og fekk namnet deretter. Dette skulebygget vart kjøpt opp og flytta i 1959, og ein nye skule vart innvia same året. Skulen har vorte bygd om og utvida fleira gonger sidan, og tek i mot elevar frå Ask skulekrets som grensar mot Åsebø i nord og Furuly og Straumsnes i sør. Tidlegare gjekk elevane vidare til Ravnanger ungdomsskole, men no går dei til Erdal Ungdomsskole.



Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27

Dato:
31.01.2019

5.11 Strusshamn skole

Dato for synfaring:	10.01.2019
Kontaktperson:	Monica Eilertsen Berland
Lokasjon:	Rektors kontor, rom 227 i administrasjonen og «katakomben» i kjellaren. Står også materiale på fagavdeling skule.
Mengd og type papirarkiv:	A- Møteverksemd B- Kopibok D- Saksarkiv E- Sideordna saksarkiv G- Fråvær H- Elevmapper M- SFO P- Personale Q- Eigedom R- Rekneskap U- Bilete Z- Avisutklipp Mengd: 13 HM
Elektroniske arkivsystem:	Ephorte (avløyste K-2000 i 2013. Møteverksemd frå FAU vert lagt inn på KFU. Frå SU vert det lagt i eforte), WIS, Itslearning, Windows utforskar. Google disc og Classroom etter 2018.
Tilstand:	Delvis organisert. Vasskade i kjellaren med ikkje optimal luftfuktigheit.
Historisk informasjon:	Strusshamn skole har adresse Strusshamnvegen 39, 5302 Strusshamn. Skulen vart skipa på 1800-talet, men har sidan fått nye skulebygg og vorte bygd på fleire gonger. Siste tilbygg kom i 2000. Skulen som har elevar frå 1. til 7. trinn, soknar frå Marikoven, Skiftesvik, Krokåsdalen, Flagget, Strongafjellsbakken, Lønnvarden og Gunnlafjellet. Elevane går ut til Kleppstø ungdomsskole.



Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27

Dato:
31.01.2019

5.12 Follese skole

Dato for synfaring:	10.01.2019
Kontaktperson:	Liv Berit Ulvedal
Lokasjon:	Umarkert rom i administrasjonen. Materiale flyttast til «rektors kontor» og rom 144 i administrasjonen.
Mengd og type papirarkiv:	A- møteverksemd B- Kopibok C- Postjournal D- Saksarkiv G- Fråvær H- Elev M- Prosjekt Q- Eigedom R- Rekneskap U- Bilete X- Eigeproduserte trykksaker Z- Avisutklipp, historisk materiale Mengd: 9,5 HM
Elektroniske arkivsystem:	Ephorte (avløyste K-2000 i 2013. Noko møteverksemd lagt inn der), WIS, Itslearning, Windows utforskar. Google disc etter 2018.
Tilstand:	Elev og personale i orden. Anna materiale er ikkje i orden.
Historisk informasjon:	Follese skole har adresse adressa Fjelltunvegen 2, 5303 Follese. Frå 1800-talet var det ein felles skule med Hetlevik på Ekrene. Frå om lag 1920 fekk Follese eigen skule. I 1969 stod eit nytt skulebygg klart. Follese er Askøy kommune sin tegnspråkskule. Elevane går ut til Kleppestø ungdomsskole.



Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27Dato:
31.01.2019

5.13 Hetlevik skole

Dato for synfaring:	10.01.2019
Kontaktperson:	Merethe Indrever
Lokasjon:	Skåp på rom 121 «forkontor» i administrasjonen, biblioteket og bomberom i kjellar.
Mengd og type papirarkiv:	A- Møteverksemd C- Postjournal D- Saksarkiv G- Fråvær H- Elev M- Prosjekt Q- Eigedom R- Rekneskap U- Bilete W- Stempel X- Eigeproduserte trykksaker Z- Elevarbeid Mengd: 14,4 HM
Elektroniske arkivsystem:	Ephorte (avløyste K-2000 i 2013. Lite brukt), WIS, Itslearning, Windows utforskar. Google disc etter 2018.
Tilstand:	Noko uorganisert.
Historisk informasjon:	Hetlevik skole har adresse Storehaugen 2, 5304, Hetlevik. Skulen vart skipa i 1923 og tek i mot elevar frå Hetlevik og har 1. til 7. trinn. Før dette hadde dei sams skulebygg med Follese. Skulen har vorte flytta og bygd på fleire gongar. Elevane går ut til Kleppstø ungdomsskole.



Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27

Dato:
31.01.2019

5.14 Haugland skole

Dato for synfaring:	11.01.2019
Kontaktperson:	Kathe Salomonsen
Lokasjon:	Rom 108 i administrasjonen, loftet (må bærast ned) og rom 105.
Mengd og type papirarkiv:	A- Møteverksemd B- Kopibok C- Postjournal D- Saksarkiv E- Sideordna saksarkiv G- Fråvær, klasselister H- Elev P- Personale Q- Eigedom R- Rekneskap U- Bilete Mengd: 15 HM
Elektroniske arkivsystem:	Ephorte (avløyste K-2000 i 2013. Lite brukt), WIS, Itslearning, Windows utforskar.
Tilstand:	Noko uorganisert.
Historisk informasjon:	Haugland skole har adresse Hauglandsveien 8, 5310 Hauglandshella. Skulen vart skipa i 1897, og det opphavlege skulebygget er framleis i bruk. I løpet av 1900-talet har skulen vorte bygd om og utvida fleire gongar. Haugland skole har elevar frå Hauglandshella på 1. til 7 trinn. Elevane går ut til Ravnanger ungdomsskole.



Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27

Dato:
31.01.2019

5.15 Ravnanger ungdomsskole

Dato for synfaring:	11.01.2019
Kontaktperson:	Margunn Johansen
Lokasjon:	Kott på toalett bak auditorium i underetasjen, arkivrom bakom resepsjonen, resepsjonen, safe på rom 44 «helsesøster».
Mengd og type papirarkiv:	A- Møteverksemd B- Kopibok C- Postjournal D- Saksarkiv F- Vitnemål G- Fråvær H- Elev M- Prosjekt Q- Eigedom U- Bilete X- Eigenproduserte trykksaker Mengd: 18.4 HM
Elektroniske arkivsystem:	Ephorte (avløyste K-2000 i 2013. møteverksemd vert lagd inn), WIS, Itslearning, Windows utforskar, google disc (2018).
Tilstand:	Greitt.
Historisk informasjon:	Ravnanger ungdomsskole har adresse Rindadalsvegen 37, 5310 Hauglandshella. Skulen vart skipa i 1985, og gymsalen og Ravnanger grendehus vart tatt i bruk i tillegg til det nye skulebygget. I 2009 opna eit nytt skulebygg. Ravnanger skole tek i mot elevar som går ut frå Tveit skole, Haugland skole, Davanger skole og Hanøy skole. Skulen har 8. til 10. trinn. Då Kleppstø ungdomsskole bygde om skulen gjekk elevane frå Strusshamn skole midlertidig på Ravnanger ungdomsskole.



Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27

Dato:
31.01.2019

5.16 Davanger skole

Dato for synfaring:	11.01.2019
Kontaktperson:	Kari Kleppe Hagen og Mona Lauritsen
Lokasjon:	«Rektors kontor», rom 6 på lærarværelset, kott i tilfluktsrom i kjellar.
Mengd og type papirarkiv:	A- Møteverksemd B- Kopibok C- Postjournal D- Saksarkiv G- Fråvær H- Elev P- personale Q- Eigedom R- Rekneskap T- Teikningar U- Bilete X- Eigenproduserte trykksaker Z- Historisk materiale Mengd: Ikkje mogeleg å fastslå mengd og type materiale årsaka av arkivets tilstand. Estimert 12,4 HM.
Elektroniske arkivsystem:	Ephorte (avløyste K-2000 i 2013. møteverksemd vert ikkje lagd inn), WIS, Itslearning, Windows utforskar, google disc (2018).
Tilstand:	Rotete.
Historisk informasjon:	Davanger skole har adresse Davangerveien 245, 5310 Hauglandshella. Skulen vart skipa i 1959, bygd ut ved fleire høve etter dette og har 1. til 7. trinn. Tidlegare var det ein eldre skule som i dag er Davanger bedehus. Elevar frå Breivik og Davanger soknar til skulen. Elevane går ut til Ravnanger ungdomsskole.



Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27

Dato:
31.01.2019

5.17 Fauskanger barne- og ungdomsskole

Dato for synfaring:	15.01.2019
Kontaktperson:	Nina O. Fauskanger
Lokasjon:	Rom i administrasjonen, rom 021 i administrasjonen, «rektors kontor».
Mengd og type papirarkiv:	A- Møteverksemd F- Vitnemål G- Fråvær H- Elev Q- Eigedom U- Bilete Mengd: 11.1 HM
Elektroniske arkivsystem:	Ephorte (avløyste K-2000 i 2013. møteverksemd vert ikkje lagd inn), WIS, Itslearning, Windows utforskar, google disc og classroom (2018).
Tilstand:	Greitt.
Historisk informasjon:	Fauskanger barne- og ungdomsskole har adresse 5314 Kjerrgarden. Skulen vart skipa på midten av 1970-talet, men ein ny skule erstatta den gamle i 2013. Skulen er den einaste kombinerte barne og ungdomsskulen i Askøy kommune og har 1. til 10. trinn. Fauskanger barne- og ungdomsskule er saman med Træet skule dei einaste skulane med nynorsk som hovudmål i Askøy kommune. Barnetrinnet tek i mot elevar frå Nordre Askøy skulekrets, som famnar frå Fauskanger til Herdla. Ungdomstrinnet tek i tillegg i mot elevane som går ut frå Træet skule.



Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27

Dato:
31.01.2019

5.18 Træet skule

Dato for synfaring:	15.01.2019
Kontaktperson:	Vibecke Nautnes
Lokasjon:	011 i administrasjonen, 010 «rektors kontor», 025 «tavlerom».
Mengd og type papirarkiv:	A- Møteverksemd B- Kopibok C- Postjournal D- Saksarkiv E- Sideordna saksarkiv G- Fråvær H- Elev Q- Eigedom U- Bilete X- Eigenproduserte trykksaker Mengd: 10,8 HM
Elektroniske arkivsystem:	Ephorte (avløyste K-2000 i 2013. ikkje i særleg bruk), WIS, Itslearning, Windows utforskar, møtereferat vert lagt inn i Onenote online.
Tilstand:	Uordna.
Historisk informasjon:	Træet skule har adresse Berlandsvegen 41, 5314 Kjerrgarden. Skulen har 1. til 7. trinn, og vart bygd på sist i år 2000. Træet skule har i lag med Fauskanger barne- og ungdomsskole nynorsk som hovudmål. Elevane som går på skulen kjem frå Træet, Hæggernes, Fromereide og Åsebøtoppen. Dei går ut til ungdomstrinnet på Fauskanger barne- og ungdomsskole.



Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27

Dato:
31.01.2019

5.19 Florvåg skole

Dato for synfaring:	23.01.2019
Kontaktperson:	Berit Ness Haugland
Lokasjon:	131 «arkiv maskinrom» i administrasjonen, resepsjonen, loft.
Mengd og type papirarkiv:	A- Møteverksemd C- Postjournal D- Saksarkiv G- Fråvær H- Elev M- Prosjekt P- Personale Q- Eigedom R- Rekneskap U- Bilete Z- Historisk materiale Mengd: 8,1 HM
Elektroniske arkivsystem:	Ephorte (avløyste K-2000 i 2013. Delvis i bruk), WIS, Itslearning (fråvær ikkje henta ut), Windows utforskar, Chrome books.
Tilstand:	Greitt.
Historisk informasjon:	Florvåg barneskole adresse Nedre Hagen 2, 5305 Florvåg. Dagens skule vart bygd i 1992 og tek i mot elevar frå Florvåg. Skulen har 1. til 7. trinn. Det har også tidlegare vore skule på Florvåg. Skulegrensene går mellom Storskarhaugen mot Erdal på eine sida og tunellen mot Kleppestø på den andre. Elevane går ut til Erdal ungdomsskole.



Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27

Dato:
31.01.2019

5.20 Hanøy skole

Dato for synfaring:	23.01.2019
Kontaktperson:	Therese Kristoffersen
Lokasjon:	109 «rektor», 108 «forkontor», 117, bomberom i kjellaren.
Mengd og type papirarkiv:	A- Møteverksemd B- Kopibok C- Postjournal D- Saksarkiv F- Vitnemål G- Fråvær H- Elev P- Personale Q- Eigedom R- Rekneskap U- Bilete X- Eigenproduserte trykksaker Z- Historisk materiale Mengd: 8,5 HM
Elektroniske arkivsystem:	Ephorte (avløyste K-2000 i 2013. Ikkje i særleg bruk), WIS (takast ikkje ut), Itslearning (på veg ut, men framleis brukt til fråvær), Windows utforskar,
Tilstand:	Uorganisert.
Historisk informasjon:	Hanøy skole har adresse Hanøyvegen 433, 5310 Hauglandshella. Dagens skule vart skipa i 1968. Skulen har elevar frå bygda Hanøy på 1. til 7. trinn. Før 1968 fanst ein gamal skule på Hanøy. I 2004 gjekk Ramsøy skole inn i Hanøy skole, og fekk same år eit nytt bygg. Elevane går ut til Ravnanger ungdomsskole.



Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/395-27

Dato:
31.01.2019

5.21 Tveit skole

Dato for synfaring:	23.01.2019
Kontaktperson:	Kathe Salomonsen
Lokasjon:	Rom 212, resepsjonen og loftet
Mengd og type papirarkiv:	A- Møteverksemd B- Kopibok C- Postjournal D- Saksarkiv G- Fråvær H- Elev M- Prosjekt P- Personale Q- Eigedom U- Bilete V- Film Z- Historisk materiale Mengd: 32,5 HM.
Elektroniske arkivsystem:	Ephorte (avløyste K-2000 i 2013). WIS, Itslearning, Windows utforskar, Google.
Tilstand:	Greitt.
Historisk informasjon:	Tveit skole har adresse Mannekleiva 8, 5310 Hauglandshella. Dagens skule er frå 1979, medan det fyrste skulebygget på Tveit vart bygd i 1896. Nyaste tilbygget er frå 2019. Tveit skole har elevar frå bygdene Tveit, Kollevåg og Tveitevåg, og har 1. til 7. trinn. Elevane som går ut frå Tveit skole held fram på Ravnanger ungdomsskole.

